



Saksframlegg

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 16/8799-2

Engasjementsbrev 2016 - Sogn og Fjordane fylkeskommune

... Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Engasjementsbrev frå SF revisjon IKS datert 08.11.2016 vert teke til vitande

... Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

- Brev frå SF revisjon IKS datert 08.11.2016, Engasjementsbrev - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune har motteke engasjementsbrev frå SF revisjon IKS datert 08.11.2016.

Engasjementsbrevet dokumenterer og stadfestar at SF revisjon IKS tek på seg oppdraget, formålet med og omfanget av finansiell revisjon i tillegg til revisor sine plikter i høve til fylkeskommunen.

Engasjementsbrevet inneheld informasjon om revisjonen sitt formål og innhald innan rekneskapsrevisjon der det mellom anna står at revisjon av den fylkeskommunale verksemda skal skje i samsvar med god kommunal revisjonsskikk.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er i følgje brevet Marianne Vara.

Revisor skriv i engasjementsbrevet at hovudoppgåva innan rekneskapsrevisjon er, gjennom framlegging av ei uavhengig revisjonsmelding, å vurdere om årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter.

Revisor har også eit ansvar om å medverke til å førebygge og avdekke økonomisk utruskap gjennom rekneskapsrevisjonen.

Nummererte brev vert nytta for å rapportere til kontrollutvalet om forhold som ikkje vert tekne med i revisjonsmeldinga, men som revisor vurderer til å vere nødvendige å gjere kontrollutvalet merksame på.

I engasjementsbrevet står det at forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og overordna analyse vert avtalt i eigne avtalar i kvart einskild tilfelle. Desse tenestene er med andre ord ikkje med i engasjementet som er omfatta av dette brevet. Forvaltningsrevisjon og overordna analyse vert i

dag kjøpt av Deloitte AS i tråd med inngått rammeavtale. Selskapskontroll vert kjøpt av SF revisjon IKS etter avtale ved kvart enkelt oppdrag.

Revisor peikar i brevet på retten til å få alle opplysningar som er nødvendig for å få gjennomført revisjonsoppgåvene. Denne retten er i samsvar med kommunelova § 78, nr. 6.

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å ta engasjementsbrevet til vitande.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)